



STORTINGET

Representantforslag 59 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Geir Pollestad, Bengt Fasteraune, Helge André Njåstad, Erlend Wiborg, Kristian August Eilertsen, Erlend Svardal Bøe, Bård Ludvig Thorheim, Grunde Almeland og Marius Langballe Dalin

Dokument 8:59 S (2025–2026)

Representantforslag frå stortingsrepresentantane Erling Sande, Geir Pollestad, Bengt Fasteraune, Helge André Njåstad, Erlend Wiborg, Kristian August Eilertsen, Erlend Svardal Bøe, Bård Ludvig Thorheim, Grunde Almeland og Marius Langballe Dalin om alkoholsal i fjernbetente butikkar

Til Stortinget

Bakgrunn

Det har vore ein tydeleg statleg politikk over lang tid at ein ynskjer tilgjengelege daglegvarebutikkar i heile landet. Tilgang på daglegvarebutikk handlar om busetnad, grunnleggande samfunnsinfrastruktur og beredskap i lokalsamfunna. Det statlege Merkur-programmet har vore svært viktig for å nå desse målsettingane.

Digitalisering har gjeve ny økonomisk berekraft for utsette butikkar i Distrikts-Noreg og oppfyller òg fleire av FN sine berekraftsmål. Stadig fleire butikkar landet over tek i bruk teknologi for å kunne fjernstyre butikken og ha døgnopen butikk utan å ha tilsette fysisk til stades i butikken i heile opningstida. Det statlege Merkur-programmet har bidrege sterkt til å få utvikla framtidsretta teknologi i eit svært vellukka offentleg/privat-samarbeid. Fjernstyring sikrar driftsgrunnlaget for dei mindre butikkane gjennom auka salstider, salsmengde og omsetning. Det gjev fleire arbeidsplassar og dei tilsette får òg tid til andre oppgåver. I tillegg løyser det bemanningsutfordringar, både i område det er krevjande å rekruttere til, og knytt til sjukefråvær. Det utgjer for mange av desse butikkane heile forskjellen på om butikken er drivverdig eller ei.

I 2018 godkjente det daverande Kommunal- og moderniseringsdepartementet den første Merkur-daglegvarebutikken med teknologien RMA-Butikkstyring for sal og utlevering av alkohol. I dag er det om lag 200 slike butikkar over heile Noreg. Det er kommunane som gjev salsløyve for alkohol og kontrollerer desse. Frå 2018 har dette vorte gjort for butikkar med fjernstyring over heile landet, etter same grundige vurderingar og regelverk som for ordinære daglegvarebutikkar med berre fysisk betjening. Fjernstyrte butikkar og ordinære daglegvarebutikkar vert kontrollerte på same måte og etter same regelverk (alkoholoven og alkoholforskriften).

Helsedirektoratet har uttalt at dei ikkje har som oppgåve å sette seg inn i dei teknologiske løysingane, men har likevel dei siste åra sendt fleire brev til kommunane og uttalt at alkoholsal i fjernbetente butikkar ikkje er i tråd med lovverket. Direktoratet har jamstilt fjernstyringsteknologien med ubetente kasser og sal frå automat, som ikkje er lovleg for omsetting av alkohol etter lova. Direktoratet har vorte oppfordra av fleire kommunar om å reise ut for å sjå og teste teknologien, men etter det forslagsstillarane kjenner til, har dei ikkje valt å gjere dette.

Ein ser òg no tilfelle av at statsforvaltarar overprøver kommunale vedtak om å gje salsløyve til butikkar med slik fjernstyring, og ber andre kommunar om å revurdere løyve som er gjeve. Dagens situasjon fører til forskjellsbehandling av butikkar, og uklare styringssignal frå statlege myndigheiter fører til at butikkar utsett planar om å investere i fjernstyring.

Kommunal- og distriktsdepartementet har gjennom Distriktssenteret fått utført ei juridisk utredning frå CMS Kluge Advokatfirma som konkluderer med at alkoholsal i fjernbetente butikkar er innafor dagens lovverk. Teknologien som vert nytta, sikrar direkte, umid-

delbar interaksjon mellom kunde og tilsett. Det er alltid tilsette som vurderer om krava i Helsedirektoratet sin rettleiar for ansvarleg sal og utlevering av alkohol er oppfylte, med tanke på alder, sal til openbert rusa personar osb. Den digitale butikkstyringa er fysisk betent 24 timar i døgnet, 365 dagar i året.

Forslag

På denne bakgrunnen vert det fremja følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa syte for at kommunar kan tillate sal av alkohol i fjernbetente butikkar, og om naudsynt kome attende til Stortinget med forslag til lovendring.
2. Stortinget ber regjeringa varsle kommunane, statsforvaltarane og Helsedirektoratet om at kommunane kan halde fram med å godkjenne sal av alkohol i fjernbetente butikkar, fram til ei eventuell lovendring er lagd fram for Stortinget.

27. november 2025

Erling Sande

Geir Pollestad

Bengt Fasteraune

Helge André Njåstad

Erlend Wiborg

Kristian August Eilertsen

Erlend Svardal Bøe

Bård Ludvig Thorheim

Grunde Almeland

Marius Langballe Dalin

